

# VIKING

Tidsskrift for  
norrøn arkeologi

---

---

Bind XLV

OSLO 1982

---

---

UTGITT AV  
NORSK ARKEOLOGISK SELSKAP

## Runene i Slemmedal-skatten

Runene står på baksida av to av dei reimeslaga av sølv som seinare er omgjorde til hengesmykke. Innskriftene er stutte, den lengste på berre åtte (ni?) runer. Alle runene er tydelege, skorne med ein kvass knivsodd og vel bevarte.

På det største beslaget er det to innskrifter. Dei står nær kanten av kvar si langside med basis mot kanten, slik at dei står opp ned i tilhøve til einannan. Båe har ein rammestrek over som alle runene går ut ifrå. Eit par av stavane kryssar lina så vidt. Den lengste skal lesast slik (fig. 1):

þurfriþr

Det siste teiknet kan lesast som ein tydeleg *u*, med utgangspunktet for sidestaven like langt nede som belgen på rune nr. 7. Dette teiknet kjem heilt inntil den mindre klinkplata og det er grunn til å tru at det ikkje er rune, men ein avslutningsstrek ned frå enden av den øvre rammestreken.



*Fig. 1.*

Denne innskrifta, som dei to andre, innheld berre eit personnamn i nominativ. Det mest nærliggjande her er å lesa dette som eit namn vi no kjenner i form *Turid*. I skriftelege kjelder frå mellomalderen er namnet nokså vanleg og skrivemåtane der svarer stor sett til det normaliserte *Púríðr*. Den til no eldste forma på norsk område finst på ein runestein frå den gamle brustaden ved Eik i Sogndal, Rogaland. Her heiter det: **saksi kirþikous/þakafirir salomþorsinar/þourriþi brupisa**, «Sakse gjorde denne brua for at Gud som løn skulle hjelpe sjela til mor hans, Turid» (Liestøl: Innskrifta på Eiksteinen, Stavanger Museums Årbok 1972 s. 69–76).

Skrivemåten av namnet til mora, med **ou** for vokalen i første leden som i **mouþor** – *móðor* (*móður*), reflekterer vel ein uttale som i gammalnorsk normalrettskriving ville hatt forma *Pórríði*. Dei to r-runene står ikkje for lang konsonant, men syner at ristaren oppfatta namnet som samansett, slik at den eien r-en hørde til første leden medan den andre byrja den siste leden. Nokre hundre år seinare har dei to r-ane runni saman til ein. Namnegranskarar har rekna med at Turid er samansett av gudenamnet *Pórr* og ei avleiing av adjektivet *fríðr*, «vakker, ven». Grunnforma *Pórfriðr* reknar ein med er skapt ein gong i vikingtida då guden Tor var særleg populær. Skrivemåten **þurfriþr** i vår innskrift kan godt stå for ein uttale med *o*. Innskrifta er eldre enn den brua Sakse bygde i Sokndal, frå ei tid då dei ikkje hadde noko eiga rune for *o*, men nytta u-rune i staden.

Det er ein liten hake ved denne tolkinga. Skrivemåten **þurfriþr** kan like gjerne stå for *Pórfriðr*, med stutt *i* eller *e* i andre leden. I så fall vil vi ha eit mannsnamn framfor oss, men denne gongen er gudenamnet samansett med substantivet *fríðr* «fred; kjærleik; venskap».

*Pórfriðr* *Pórfreðr* blir rekna som grunnforma for det mykje samandregne *Pórðr*, vårt vanlege Tor. Båe namna, kvinnenamnet og mannsnamnet, finst i den usamansette forma i svenske runeinnskrifter frå sein vikingtid. Det er vanskeleg å velje mellom desse to alternative, men kanskje det siste, mannsnamnet, likevel er det mest sannsynlege. Dette skal vi drøfte nærare i samband med det andre namnet på same beslaget.

Den stuttare innskrifta er på berre fire runer (fig. 2):

**þura**

som utan tvil står for kvinnenamnet *Póra*. Dette var opphavleg eit kjælenamn for samansette namn med *Pór-* (t. d. *Þorbjörg*, *Þorný* – vårt Tone, *Þórhildr* osv.). Alt i vikingtid kan det likevel ha vori brukt som eigentleg personnamn. Fleire av dei kvinnene som kom til Island i landnámstida, heitte *Póra*, etter det Landnámabok fortel. I vår innskrift kunne for så vidt *Póra* vera kjælenamn for *Pórfriðr*, men det er vel vanskeleg å tenkje seg ein grunn for å skrive dei to namneformene opp på same sølvsmykket. Derimot er det ikkje uventa om eit mannsnamn og eit kvinne-




Fig. 2.

namn vart sette saman. Den typen innskrifter har vori populære til alle tider og kunne høve t. d. på eit gildt sølvsmykke som vart gitt i gåve, kanskje som pant på ein lovnad eller ein avtale mellom to, mann og kvinne. Men når det så kjem enno eit namn til, kan ein like vel undrast om det er slik. Rett nok står det på eit anna beslag, men det har sikkert høyrte til same smykket.

Desse runene er noko kraftigare skorne inn enn dei på det førre beslaget. Dei står med toppen ut mot kanten og basis mot ein rammestrek. Nedre del av runene er noko skadd av proberingsriss som er utført etter at funnet var tatt opp, men før det kom til museet.

Det tredje namnet ser slik ut (fig. 3):

### sluþi

som må stå for *Slóði*, eit mannsnamn som opphavleg var eit tilnamn. I Sverige har det vori brukeleg, om ikkje vanleg, som mannsnamn i alle fall frå 1000-talet (Sveriges Runinnskrifter III s. 139). På norrønt område finn vi det i mellomalderen framleis brukt som tilnamn. Eit nytt døme kom fram på Bryggen i Bergen der eit brotstykke av ei runeinnskrift nemner ein *Hallvarðr slóði* (B 324). Tilnamnet tykkjest ikkje ha hatt noka spesielt positiv tyding, men dette er eit trekk det deler med mange andre tilnamn i gammal tid. Substantivet *slóði* (m) er nærskyldt *slóð* (f) som tydde «veg etter sleping, eit spor t. d. i gras eller dogg». Særleg var *slóði* brukt om (bjørke-)ris som ein drog etter seg for å jamne til gjødsel som var spreidd på åkeren, eller til å dra saman høy på, særleg i utforbakke i brattlende. Slik blir ordet, i forma *sloe*, framleis brukt i skandinaviske dialektar. Attåt dette er det i noverande bruk ei overført tyding: «ein lang, doven person; ein som ikkje duger til




Fig. 3.

noko, ein døgenikt». Avleiinga og samanlikninga er klår, det gjeld noko tregt som ein må dra etter seg. Om det er denne tydingsnyansen tilnamnet har hatt, veit vi ikkje. Endå meir usikkert er det om Slóði som mannsnamn til vanleg har gitt slike assosiasjonar.

Innskriftene er norrøne, d. v. s. skrivne av ein som tala norrønt mål, anten ein nordmann eller ein ifrå dei norskætta nybygdene vest om havet. Dette ser vi av bruken av r-runar i nominativsendinga i **þurfriþr**. Ein svenske ville ha bruka R-runar **ᚱ** eller **ᚳ**, avdi språket hans enno skilde mellom dei to r-lydane. Ein dane ville kanskje skrive som i vår innskrift, for i det målet var dei to lydane blitt like når dei kom straks etter konsonantar som vart uttala med tungespissen mot tennene (dentalar). På den andre sida er det lite truleg at ein dane ville ha nytta slike runer som dei vi finn i dei andre to namna. Det gjeld s-runar **ᚱ** og a-runar **ᚦ**; ein dane ville nok ha valt formene **ᚱ** og **ᚦ**.

Runeformene eller bruken av dei, kan ikkje hjelpe til med dateringa av funnet eller smykka. Nærare enn til vikingtid, men helst noko før tusenårsskiftet, kan ikkje dei plasserast. Den opphavlege namneforma **þurfriþr**, anten ho no står for *Þórfriðr* – *Þúriðr* – Turid eller *Þórfriðr* – *Þórðr* – Tor, vil derimot kanskje peike mot den eldre delen av vikingtida. Tida fram imot 900 ville høve bra.

Det er sjølsagt urimeleg å vente noko av ei nærare gransking av gamle kjelder som nemner personar med same namna som dei vi finn her. Til det er materialet for magert og usikkert og namna dessutan etter måten for vanlege. Vi lyt nøye oss med å konstatere at namna finst, så kan kvar og ein spekulere vidare på korleis det kan ha gått til at to karar og eitt kvende har fått namna sine sette på same smykket.

## *Summary*

Three separate inscriptions are found on two of the silver mounts. They contain merely three separate personal names.

The longest one is read þurfriþr which may be interpreted as the original form of either the woman's name Þúríðr or the man's name Þórðr, depending on whether the second vowel was long or short: Þórfriðr or Þórfriðr.

The second inscription on the same mount is read þura, Þóra, a woman's name originally a pet name used for compound names with Þór-, like Þorbjörg, Þórhildr or Þórfriðr.

On another mount the runes slupi must be interpreted as Slóði, known as a personal name in Swedish inscriptions of the eleventh century and as a nickname in later Norse sources.